

## Referat frå møte i fagleg brukarråd språk og tale

Dato/Stad: 11. november 2020 kl. 9-10.30/Videomøte

### Deltakarar:

#### Brukarrepresentantar:

Guro Bergseth                      Dysleksi Norge  
Hogne Jensen                      Afasiforbundet Norge

#### Frå Statped:

Marit Bollingmo                      møteleiar og leiar språk- og tale region sørøst avd 2  
Anne Karin Veisetaune              leiar språk- og tale region midt  
Magne-Bjarte Hatlem                referent og koordinator for leiarnettverk språk og tale


#### Forfall:

Gabriella J. Ottesen                  Leppe-ganespalteforeningen  
Oscar Aaslund Hovin                Norsk interesseforening for stamming og løpsk tale (NIFS)  
Elin Langdahl                         Handikappedes Barns Foreldreforening (HBF)

### Godkjenning av sakliste - OK

#### Saker til behandling

Sak:	
22/2020	<b>Orienteringar frå brukarorganisasjonane</b> <i>Dysleksi Norge:</i> Har fått på plass webinar blant anna om dysleksi og matematikkvanskar. Dei har ei oppleving av at dette tiltaket fungerer bra. Vidare har dei gratis digitale medlemskurs. Det blir landsstyremøte i 2021. Dette føregår kvart 3. år.  <i>Afasiforbundet Norge:</i> Gjennomfører medlemsmøte og skal ha workshop i løpet av november. Har jobba ein del interessepolitisk rundt logopediteneste i kommunane. Sake krev ei massiv mobilisering. Dei er i dialog med helse- og omsorgskomiteen. Får hjelp frå Statped til samlivskurs og elevkurs, og jobbar med å utvikle materiell knytt til det.
23/2020	<b>Informasjon frå Statped om status for omstillingsarbeid</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- Framlegg til mandat er levert til KD (<a href="#">Vedlegg 3</a>)</li><li>- Rapport samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og Statped</li></ul>



	<p>Rapporten legg vekt på at det bør etablerast eit forpliktande samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og Statped. Vidare ber den om juridiske avklaringar på nokre tenester som ligg i grenselandet mellom spesialisthelsetenesta og Statped. Det har vert ei innspelsrunde på førebels rapport frå 6. oktober. Det kom innspel frå Helsedirektoratet, KS og Leppe-ganespalteforeningen. Desse er vedlegg til endeleg rapport til KD. Endeleg rapport har frist 13. november.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>- Kompetanseløftet; i etableringsfasen</li></ul>
24/2020	<p><b>Statped i eit livsløpsperspektiv – Afasiforbundet Norge</b></p> <p>Afasiforbundet Norge opplever at det er lite fokus på det Statped gjer for vaksne, og at vaksenopplæring ikkje er synleg på statped.no.</p> <p>Statped er opptatt av vaksne, men ser at det kanskje er utfordringar knytt til at vi brukar omgrepet elevar når vi snakkar om vaksne. Statped sine tenester er ramma inn av barnehagelova og opplæringslova. Statped brukar derfor omgrepa <i>barn</i>, som stammar frå barnehagelova, og <i>elevar</i>, som er omgrepet som blir brukt i opplæringslova. Statped gir tenester til kommunan for å vere tydelege på rammene våre. Det kan vere at ikkje alle er like godt med denne omgrepsbruken.</p> <p>Vidare er mange av tenestene som er retta mot vaksenopplæring del av systemtenester til kommunar basert på det kompetansebehovet som er der. Dette kan derfor òg vere ein grunn til at vaksne ikkje kjem så klart fram.</p> <p><b><i>På bakgrunn av innspelet frå Afasiforbundet Norge vil Statped sjå på om det er mogleg å nevne vaksenopplæringa eksplisitt på nettsidene våre.</i></b></p>
25/2020	<p><b>Framlegg til førebels møteplan for 2021</b></p> <p><a href="#">Vedlegg 1</a></p>
26/2020	<p><b>Kommunikasjonssamarbeid</b></p> <p>Statped ser på korleis vi kan utvikle måten vi nyttar sosiale media for å nå brukarane på. Vi ønsker å høyre korleis vi kan gjere dette best mogleg.</p> <p><b><i>Statped vil ta kontakt med organisasjonane sentralt for å avklare dette spørsmålet.</i></b></p>



27/2020	<b>Sakliste nasjonalt brukarråd</b> <a href="#">Vedlegg 2</a>  <i>Fagleg brukarråd har ingen innspel til saklista.</i>
28/2020	<b>Eventuelt</b>  <i>1. Fagleg brukarråd etterspør status for sak 18/2020 der brukarrådet spelte inn eit ønske om enkle støttevideoar som viser korleis ein praktisk kan nytte systemet for møtehonorar og reiserefusjon. Statped følger denne opp.</i>

